

Pyramidelyng - *Pieris*

Av FAGUS-rådgiver Harald Olav Aksnes

Pieris er ei lita planteslekt som naturleg veks i Aust-Asia, Himalaya og Nord-Amerika. Dei artene som er i bruk som hageplanter i Norge kjem frå Aust-Asia. Pyramidelyng er ei ganske ny hageplante i Noreg. Den er relativt ukjent både blant hageeigarar og hageplanleggjarar. Den absolutt mest brukte arten, som finst i mange ulike kryssingar, er *Pieris japonica*.

Artene og sortane som vert brukt er alle vintergrøne. Ferdig utvaksne vert dei mellom 0,8 og 2 meter høge og om lag like breie.

Farga nyvekst

På nyveksten er blada bronsefarga hos nokre arter og sortar og eldre hos på andre. Ferdig utvikla blad og skot er grønne. Fleire sortar har rik bløming med liljekonvalliknande blomar. Sortane med bronsefarga nyvekst har generelt den rikaste bløminga.

Jordkrav

Pieris er som dei fleste andre planter i lyngfamilien surjordsplanter. Dei likar humusrik jord med god drenering og jamn fukt.

Skjering og nyvekst

Plantene toler godt skjering og kan såleis formast dersom det er behov for det. Denne eigenskapen kan gjera nytte dersom ein vil ha den iaugnefallande nyveksten til ei spesiell tid. Normalt har planta to nyvekstperiodar i året – ein i mai/juni og ein i august (på Vestlandet). Dersom ein vil ha planta fargerik til dømes til 15. juli, kan ein skjera den ned i siste del av juni. Tida frå nedskjering til fargerik nyvekst vil nok variera litt alt etter temperatur og vèrtilhøve. Her på Vestlandet tek det normalt ca tre veker frå skjering til det kjem fargerike skott.

Planteval etter farge

Pyramidelyng høver godt inn i mange ulike anlegg. Typane med skarpast raudfarge på nyveksten (til dømes *Pieris* 'Forest Flame') kan nok ofte verta for intense og dominerande, men er såleis også iaugnefallande. Andre som har svakare farge på nyveksten (til dømes *Pieris japonica* 'Yahushimanum Nanum'/'Sarabande') glir godt inn i anlegg der ein vil ha det meir naturlikt.

Bruk

Eg brukar *Pieris* til hekkar, steinhagar og urneplantingar med godt resultat. Eg er mellom anna imponert over ein *Pieris japonica* 'Little Heath Green' som eg har hatt ståande i ei urne i fleire år. Urna har frose meir og meir sund, men planta er like fin.



Pieris høver godt saman med andre surjordsplanter. Her mellom grønne blad og det kvite blomene til *Lerodendron*

Vil verta meir brukt

Pyramidelyng er ei plante eg har tru på vil verta meir brukt i åra som kjem, men det krev nok litt tid før planleggjarar og hageeigarar vert kjent med den. Pyramidelyng har så mange gode eigenskapar at den absolutt fortener det. Som for mange andre planteslag i lyngfamilien er det jordforholda som i svært mange høve er minimumsfaktoren for å få dei til. Dei trivst ikkje om ikkje jorda er humusrik og godt drenert.

Det er etter kvart kome mange sortar av *Pieris* og eg nemner her opp nokre av dei (neste side).

Pieris japonica 'Mountain Fire'

1,2 meter høy med burgunderraud nyvekst på blada. Litt kvite blomar. God vekst. Dette er ein av dei mest brukte sortane i Tyskland, og den er vakker – særleg på ettersomaren. Er av dei høgare japonicasortane og har brei, opprett vekst.

Pieris 'Forest Flame'

1,5m høg med lysande raud nyvekst på blada. Kvite blomar. Kanskje den mest kjende pyramidelyngen, men må reknast som mindre hardfør enn dei fleste andre sortane. Er den som har den skarpaste raudfargen. Høg, relativt slank plante.



Pieris 'Forest Flame' i eit felt med bergflette.

Pieris japonica 'Little Heath Green'

1 meter høg med utbreidd vekst og bronsefarga nyvekst. Robust plante. Dette er sorten som eg har hatt ståande i ei urne i mange år med godt resultat. Den høver godt inn i naturlike plantingar. Lite blomstring, men vakker og frodig. God som urneplante og i steinhage.



Pieris 'Little Heath Green' planta i urne

Pieris japonica 'Little Heath'

0,6 meter høg. Liknar 'Little Heath Green', men har kvitbrokete blad og litt svakare vekst. Er ei vakker kontrastplante. Lite bløming. God kontrastplante og god til dømes i urner.



Pieris 'Little Heath' med kvitbrokete blad og raud nyvekst

Pieris japonica 'Yakushimanum Nanum'

0,6 meter høg. Kompakt, god vekst og rik bløming med kvite liljekonvalliknande blomar tidleg i mai. Høver godt i steinhagar, som hekk med meir. Ei av dei mest hardføre pyramidelyng-typene.